

Ruben Aksnes - delaktig i stor og prestisjefylt stipendtildeling.

17.11.2013

Uskedelingen/oddingen Ruben Aksnes, som har utvikla seg til ein meister på el.bass, har opplevd mykje gjennom musikken. Det forløpige høgdepunktet fann utvilsomt stad i går då Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra vart tildelt det prestisjefylte Ramp-stipendet på 250.000kr. I tillegg mottok dei eit stipend på 50.000kr frå Innovasjon Norge.

Det er Sparebank1 SMN, Rock City og rockelegenden Åge Aleksandersen som står bak Ramp-stipendet. Det vart delt ut for første gang i 2012.

Stipendtildelinga for 2013 fann stad på Rock City i Namsos i går. Det var juryleiar Åge Aleksandersen som stod for utdelinga til prisvinnarane. Det var over 300 kandidatar, men Åge Aleksandersen var likevel tydeleg på at vinnarane måtte bli Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra. Utdelinga vart og dekkja av TV-2nyhetene der det mellom anna var intervju med Conor Patrick og Åge Aleksandersen. Rockelegenden uttalte seg svært rosande om Conor Patrick og bandet. Han gav uttrykk for at han verkeleg hadde trua på at dei kan nå langt.

I tillegg til Ramp-stipendet vart dei og tildelt eit stipend på 50.000kr frå Innovasjon Norge.

Conor Patrick uttaler at dette er ein enorm inspirasjon til å stå på vidare, og dei håpar no å komme meir ut på veien.

Conor Patrick fortel at bandmedlemmene er håndplukka, og dei kjem frå mange ulike miljø og verdenshjørne. Saman er dei sterke, og trakterer til saman 25 instrument.

- Jeg har samlet gruppa; én og én. Hver og en av dem synger utrolig bra. Det er et av våre fortrinn, sa Conor Patrick til Namdalsavisa etter prisutdelinga.

Ruben Aksnes er som kjent frå ein sær s dyktig musikarfamilie. Yngstebroer Sindre er velkjent som eit usedvanleg slagverkstalent og dyktig instruktør i Uskedal skulemusikk. Eldstebroer Eirik er kjent som ein eminent jazzgitarist med tilhald i Stavanger. Far Geir Aksnes er, og har vore, svært sentral musikar i det gode musikkmiljøet i Odda, og mor Anne Kari Rørheim har vore ein framifrå støttespelar for dei 3 gutane i utviklinga.

Ruben bur no i Trondheim og har spela i mange ulike samanhengar. Mellom anna har han markert seg gjennom rocketrioen Jitney.

De kan lese meir om stipendtildelinga i [Namdalsavisa ved å klikke her](#). Der kan de også sjå video og høyre kva Åge Aleksandersen og Conor Patrick seier i samband med utmerkinga.

Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra har mellom anna gjort seg sterkt bemerkta med å lage ein radio-hit som varer nesten 7 minutt. De han høyre låten [Talk, talk, talk, talk ved å klikke her](#).

Uskedalen.no gratulerer Ruben Aksnes, Conor Patrick og resten av bandet med den fantastiske utmerkinga.

Av: Thor Inge Døssland.